



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Regionalt miljøtilskot for jordbruket i Møre og Romsdal

RETTLEIINIG 2022



Kva er regionale miljøtilskot?

Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal er eit strategiprogram fastsett av Statsforvaltaren i samråd med Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget. Programmet skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbrukskulturen skal reduserast.

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også søke om regionalt miljøtilskot.

Korleis søker

Søknaden kan leverast elektronisk via Altinn. Søknaden kan tidlegast leverast når søknadsportalen opnar 15.september. Det er kommunane som handsamar og godkjenner søknadane. Søkarar som av ulike grunnar ikkje kan levere søknaden elektronisk, kan levere papirsøknad til kommunen, men beitelaga må søke elektronisk. Dersom ein har spørsmål eller ynskjer rettleiing i samband med søknaden, kan ein kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen.

Opplysningane om føretaket er utfylt på førehand. Det vil vere mogleg å importere kartopplysningar frå søknaden i fjar. Søk i god tid, det er alltid noko som kan skjere seg siste dagen.

Pass på å trykke på knappen «Send» når søknaden er ferdig utfylt og sjekk at du får kvittering for at søknaden er sendt.

[Video om korleis søker regionale miljøtilskot elektronisk](#)

[Elektronisk søknadsskjema for regionale miljøtilskot](#)

[Søknadsskjema på papir for regionale miljøtilskot](#)

[Elektronisk søknadsskjema for drift av beitelag](#)

15. september	Søknadsomgangen opnar
15. oktober	Søknadsfrist for foretak
15. november	Søknadsfrist for beitelag

Gjere endringar i søknaden

Dersom du må gjere endringar i søknaden din etter søknadsfristen, må du ta kontakt med kommunen. Det er kommunen som kan legge til eventuelle endringar i søknaden på vegne av søkeren.

Slik endring medfører eit trekk på kr 1000,- per dag frå søknadsfristen og til du melder endring. Dersom du har «gløymt» å søke om eit tiltak, må du derfor vurdere om det lønner seg å endre søknaden. Retting av openberre feilføringar medfører ikkje trekk.

Oversikt over tiltak og satser

TEMA	Foreløpig sats	Side
MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP		
Skjøtsel av bratt areal	Helling 1:3 – Kr 240 per daa Helling 1:5 – Kr 240 per daa	4
Drift av beitelag	Storfe og hest – Kr 20 per dyr Småfe – Kr 15 per dyr	4
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	Kr 125 per daa	4
MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD		
Slått av slåttemark	Kr 1000 per daa	5
Skjøtsel av kystlynghei	150 per sau maks Kr 50 000 per søknad	5
Tilrettelegging av fuglebiotopar	Kr 2 000 per daa	5
MILJØTEMA 3 – KULTURMINNER OG KULTURMILJØER		
Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri	Kr 50 000 per seter	6
Drift av seter med mjølkeproduksjon og eigen foredling	Kr 70 000 per seter	6
Skjøtsel av gravminne	Kr 1000 per gravminne	6
MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN		
Ingen jordarbeiding om hausten	Kr 160 per daa	7
Grasdekt kantsone i åker	Kr 160 per meter	7
Vedlikehald av fangdammar	Kr 5 000 per dam	7
MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT		
Spreiing i vår-/vekstssesong	Kr 55 per daa	8
Bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr	Kr 40 per daa	8
Bruk av tilførselsslanger	Kr 65 per daa	8
MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING		
Ein-til-ein-rådgjeving, høg sats per føretak	Kr 6 000	9
Ein-til-ein-rådgjeving, lav sats per føretak	Kr 2 000	9
Grupperådgjevning, sats per føretak	Kr 2 000	9

MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP

Skjøtsel av bratt areal (§ 4)

Formålet er å stimulere til drift på bratt jordbruksareal, holde arealene i hevd og ivareta et åpent kulturlandskap.

- føretak som driv minimum 5 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare.
- Det må takast avling på arealet. Dersom grasproduksjon må arealet haustast ved slått til fôr.
- Areal som vert skjøtta ved berre beiting, gir ikkje rett til tilskot i dette tiltaket.

Det er viktig at areala blir fordelt riktig i henholdsvis 1:3 og 1:5 ut frå kartfiguren når ein skal söke.

Foreløpig sats

Helling 1:5
Kr 240 per daa

Helling 1:3
Kr 240 kr daa

Drift av beitelag (§ 5)

For å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnyttelse av beiteressurser i utmark og effektivt tilsyn med minst mulig tap av dyr.

Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sinking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan söke om tilskot til sanka dyr.

- Laga må vere registrert i Enhetsregisteret.
Kommunen godkjenner nye lag.
- Tilskotet blir utmålt pr. dyr sleppt på utmarksbeite.
- Felles beitebruk i minimum 5 veker i sommarhalvåret.
- Beitelag må söke innan 15. november.

Foreløpig sats

Storfe og hest
Kr 20 per dyr

Småfe
Kr 15 per dyr

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (§ 8)

Formålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap.

I Møre og Romsdal er det 12 område som har status som slikt landskap. Sjå i miljøprogrammet om dei ulike områda og avgrensingane. Det er ikkje gjort endringar samanlikna med tidlegare år i kva for område som kjem inn under ordninga, jf. [lenke til kart](#). Vi gjer merksam på at gamle kommunenamn er brukt i desse karta, men områda er dei same. Skjøtselen må skje ved slått minimum 1 gong i løpet av vekstsesongen. Berre beiting er ikkje tilstrekkeleg.

Foreløpig sats

Kr 125 per daa

MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFALD

Formålet med tiltaka under biologisk mangfold er å ivareta utvalde og trua naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket. Tilskotet kan også virke positivt på landskapsoppleveling og synleggjering av kulturminne og restar av tradisjonelle driftsformer.

Slått av slåttemark (§7)

Formålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarker, for å oppretthalde biologisk mangfold og andre kvalitetar.

- Det er m.a. stilt krav til registrering som utvald naturtype slåttemark med verdi A eller B i Naturbase.
- Arbeidet må gjerast i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforvaltaren.

Foreløpig sats
Kr 1000 per daa

Skjøtsel av kystlynghei (§ 8)

Formålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beiting.

- Området må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Naturbase.
- Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. sau over 1 år.
- Det må ligge føre skjøtselsavtale med Statsforvaltaren.

Foreløpig sats
Sau over 1 år
Kr 150 per dyr

Maks tilskudd
Kr 50 000

Tilrettelegging av fuglebiotopar (§ 9)

Formålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i slåttemark står i fare for å bli utsydde. Tidleg slått kan øydelegge både reir, fuglar og ungar. Både åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesanger er artar som er registrert som trua i Møre og Romsdal.

- Tiltaket er å utsette slåtten rundt hekkeplassen.
- Det må ligge føre avtale med miljøvernavdelinga hos Statsforvaltaren om tiltaket i kvart enkelt tilfelle.

Foreløpig sats
Kr 2000 per daa

MILJØTEMA 3 – KULTURMINNER OG KULTURMILJØER

Drift av seter med mjølkeproduksjon (§ 10)

Formålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane.

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 6 veker i sommarhalvåret. Det må produserast minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk pr. døgn.

Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellessetra. Alle må føre opp same tal deltakrar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar.

Dette er eit tilskot til dei som driv seterdrift og foredlar mjølka ved t.d. ysting eller kinning. Øvrige vilkår er seterdrift i minst 6 veker, produksjon av minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk pr. døgn og mjølka skal forelast på setra. Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.

Foreløpig sats

levering til meieri
Kr 50 000 per seter

eigen foredling

Kr 70 000 per seter

Skjøtsel av gravminne (§ 11)

Formålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving.

- Gravminna må vere registrert i «Askeladden», Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv.
- Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal.
- Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting, og kan ikkje vere sterkt skada eller øydelagde.
- Det kan givast tilskot til inntil 20 gravminner per føretak.

Foreløpig sats

Kr 1000 per
gravminne

MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN

Ingen jordarbeidning om hausten (§ 12)

Formålet med tilskotet er å stimulere til å hindre erosjon fra opent åkerareal om hausten og vinteren.

Denne ordninga gjeld berre for areal der det blir dyrka korn i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma.

- Arealet skal ikke jordarbeidast før 1. mars året etter søknadsåret.
- Halmen på desse areala skal ikke brennast.

Foreløpig sats
Kr 160 per daa

Grasdekt kantsone i åker (§ 13)

Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert kantsoner mellom åkerareal og vassdrag som er grasdekt, for på den måten å redusere erosjon og avrenning fra åkerarealet.

Tilskotet gjeld for areal der det blir dyrka korn, poteter eller grønsaker i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma samt for Smøla.

- Vilkår for ordninga er at sona har ei breidde på minimum 8 meter rekna fra vassdraget ved normalstand.
- Minst 6 meter må ligge på fulldyrka areal. Vekstane må vere godt etablert om hausten i søknadsåret
- Areala skal ikke gjødslast eller sprøytest
- Areala må haustast, beitast eller beitepussast kvart år.

Foreløpig sats
Kr 160 per meter

Vedlikehald av fangdammar (§ 14)

Formålet med tilskotet er å stimulere til vedlikehald av fangdammar og skjøtsel av vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. Effekten av ein fangdam går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.

- Vilkår for ordninga er at dammen blir tømt ved behov slik at renseeffekten er tilfredsstillande.
- Tilskotet kan bevilgast årleg.

Foreløpig sats
Kr 5 000 per daa

MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT

Spreiing i vår-/vekstsesong (§ 15)

Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag.

- Tilskot kan gjevest til føretak som spreier all husdyrgjødsel på arealet sitt seinast 10. august.
- Vilkår er spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa og at avlinga blir hausta etterpå.
- Noteringar må vise skifte, spreiedatoar og gjødselmengder.
- Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr.

Foreløpig sats
Kr 55 per daa

Bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr (§ 16)

Det kan gjevest tilskot for spreiing av husdyrgjødsel eller biorest ved nedfelling eller nedlegging.

- Vilkår er spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa.
- Arealet skal haustast etter siste spreiing i søknadsåret.
- Ved nedlegging i open åker må nedmolding skje innan to timer.
- Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til spreiing i vår-/vekstsesong.

Foreløpig sats
Kr 40 per daa

Bruk av tilførselsslanger (§ 17)

Dersom vilkåra for spreiing i vår-/vekstsesong eller bruk av nedleggings-/nedfellingsutstyr er oppfylt, kan det gjevest tilskot til areal der husdyrgjødsla blir spreidd med tilførselsslanger i staden for tankvogn.

Foreløpig sats
Kr 65 per daa

MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING

KLIMARÅDGJEVING

Det kan gjevest tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgjeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret. Formålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

- Tiltaksplan og kvittering for utført rådgjeving må leggast ved søknaden.
- Den som har stått for rådgjevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. Ei oppdatert oversikt over [klimarådgjevarar i fylket](#).
- Tiltaksplanen må vere i tråd med dei krav som Landbruksdirektoratet stiller til tiltaksplanar for denne ordninga.
- Tilskot kan gjevest for berre ei gjennomført rådgjeving per søknadsomgang.

Foreløpig sats	
<u>Ein-til-ein-rådgjeving med høg sats:</u> Tiltaksplan som omfattar både husdyr- og planteproduksjon.	Kr 6 000
<u>Ein-til-ein-rådgjeving med lav sats:</u> Tiltaksplan som omfattar enten husdyr- eller planteproduksjon.	Kr 4 000
<u>Grupperådgjeving:</u> Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgjeving retta mot to eller fleire føretak samla.	Kr 2 000